


ÅRSMELDING FOR
MELAND KYRKJELYD
2017



Innhald

Innleiing.....	3
Soknerådet	3
Tilsette og stillingar	4
Økonomi.....	5
Kyrkjebygg.....	5
Kyrkjegarden	6
Ny kyrkje	6
Gudstenestetel og oppmøtte.....	7
Trusopplæringstiltak.....	8
Anna kyrkjelydsarbeid	9
Takk!.....	10

Innleiing

Soknerådet, staben og kyrkjelyden har i 2017 jobba med omfattande strategiarbeid. Både med tanke på arbeid og planar for den nye kyrkja på Frekhaug og samanslåinga av fellesråda Lindås, Radøy og Meland til Alver fellesråd som skal skje i 2020.

Soknerådet

Meland sokneråd har i 2017 vore samansett av følgjande faste medlemmer:

- Regine Sagstad Berg (leiar)
- Ingunn Reigstad (nestleiar)
- Andreas Westermoen
- Brigt Roar Skeie
- Andreas Sagstad Berg
- Bent Gunnar Næss

Vara:

- Per Audun Heskestad (1.vara - møter fast)
- Synnøve Kårstad Ryland
- Anne Kjersti Tveiten Erikstein
- Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig
- Torbjørn Bøen

Kommunen sin representant deltek i handsaming av fellesrådsaker. Sølvi Gripsgård Knudsen er kommunal representant og Marit Jøssang er vararepresentant.

Fellesråda i kommunane som skal slå seg saman har oppretta ei kyrkjeleg fellesnemnd som førebur samanslåinga og frå Meland stiller Bent Gunnar Næss og Einar Reigstad som representantar med Regine Sagstad Berg som vara.

Møter og sakshandsaming

Soknerådet har hatt 10 møte og handsama 9 soknerådssaker og 28 fellesrådssaker i 2017. Berre vedtak-saker vert rekna med i talet på saker. Årsmøtet var på Møteplassen søndag 23.april etter ei gudsteneste.

Faste underutval:

- Administrasjonsutval/forhandlingsutval
- Arbeidsutval; som er samansett av leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje. AU førebur i hovudsak soknerådsmøtene
- Barne- og ungdomsutval

Soknerådet har i tillegg fleire nemnder etter behov, og kyrkjeutvalet var mest aktiv i fjor.

Tilsette og stillingar

Tabell 1 Tilsette og stillingar

Namn	Stilling	Stillingsprosent [%]	Kommentarar
Bispedømetilsette			
Torbjørn Aamli	Sokneprest	100	50 % permisjon frå 01.09.17
Bjørn Moe	Seniorprest	50	50 % til og med 31.08.17
Helge Hitland	Vikarprest	100	Tiltredde 01.09.17
Tilsette i Meland sokn			
Anne Sofie Nergård Uthaug	Kyrkjeverje	100	
Junji Furukawa	Kyrkjetenar	50	
Linda Gripsgård Lunga	Konsulent	80	
Trond Fykse	Kyrkjelydsmusikar	100	
Ruben Sæle	Diakon	80	Permisjon hausten 2017
Steinar Sneås Skauge	Undervisningsprest	100	Slutta 31.01.17
Anne Marit Fosse Dahle	Kyrkjelydspedagog	80	Tiltredde 09.05.17
Eva Kristin Dale Wessman	Barnearbeidar	20	Permisjon frå mai 2017
Stine Karin Sæle	Husgruppekoordinator	20	Prosjektstilling

Om endring i stillingane: Steinar S. Skauge slutta i si stilling siste dagen i januar og Torbjørn Aamli vart hausten utlånt i 50% stilling for å vere prest i Osterfjorden.

Undervisningsprestestillinga vart avløyst av ei stilling som kyrkjelydspedagog med fokus på trusopplæringa. Det har også vore vakansar og permisjonar mellom eigne tilsette dette året. Oppgåvene har i hovudsak blitt løyst med tilsette som har fått auka opp stillinga si, og dels enkeltpersonar innleidd til enkeltoppdrag. Vi har ikkje hatt full vikardekning for diakon og undervisningsprest, og det har diverre medført mindre aktivitet på desse ansvarsområda.

Soknerådet var medlem i stiftinga Nordgardsløa. Octavia øver der og nokre få enkeltarrangement vert framleis haldne på Nordgardsløa då Møteplassen er for liten. Frå Møteplassen kom i gang har behovet for Nordgardsløa vore mindre. I løpet av 2017 vart det handla inn middagssett og anna utstyr og samanleggbare bord til Møteplassen, slik at lokalet no ligg betre til rette for utleige til selskap. Det har og vorte gjort meir annonsering på nettside, Facebook og resultatet er at det har byrja å bli noko utleige av lokalet.


Økonomi

Kyrkjeleg administrasjon, løns- og personalutgifter for kyrkjeleg tilsette, drift og vedlikehald av kyrkje og kyrkjegard og utgifter til den kyrkjelege verksemda, er dei største utgiftspostane. Kyrkjevevja si løn var på kr 520.000 pr år, men fekk ein lønsauke til 592.000 frå januar 2018. Dei andre i staben har tariffløen etter KA (kyrkjeleg arbeidsgjevarforeining) sin tariff.

Tilskot frå Meland kommune, trusopplæringstilskot og innsamla midlar i kyrkjelyden er dei største inntekstspostane. Kommunalt tilskot var på kr.3 500 000.

Offerinntektene auka med 17000 kroner frå året før. Offeret til kyrkjelydsarbeidet var på kr. 129 373 som var ein nedgang frå 2016 og offer til andre var kr. 180 078 som er ein oppgang frå året før. Vi hadde i 2017 ein liten auke i gjevartenesta frå 336 550 til 346 550. Bladpengane har dessverre minka år for år og var ved årsskiftet nede på 22 358. Det kan hende gåvene som kom inn etter julenummeret i hovudssak kjem på 2018-rekneskapen.

Tabell 2 - Utvikling



Rekneskapen for 2017 viser eit positivt resultat (mindreforbruk) på kr 393 985. Hovudårsaka er innsparingar på lønnsutgiftene pga permisjonar og manglande vikardekning, og meir auke i inntektene på festeavgifter enn budsjettert med.

Rekneskapsførar er Akasia regnskap A/S.

Kyrkjebygg

Meland kyrkje fekk montert brannvarslingsanlegg i 2017. Det er no detektorar på utsida av kyrkja og inne i alle rom i kyrkja og tilbygget. I kyrkjerommet er detektorane knapt synlege, fordi lufta blir soge inn til ein detektor på kjøkkenet. Anlegget er direktekopla mot brannvesenet.

Kommunen la til rette svært mykje i prosessen med anlegget, både i planlegging og heile kostnaden. Kontoret er på Frekhaug torg, og samvirket med Møteplassen og andre funksjonar i bygget fungerer godt.

Kyrkjegarden

Planlegginga av utvidinga av gravplassen tok ei ny vending då planleggarane byrja å sjå nærare på tilhøva. Det viste seg at det vil bli for vått og krevjande å utvide gravplassen nord for kyrkja, slik det vart tenkt i kommuneplanen. Sokneråd og kommunestyre gjekk difor inn for å gå tilbake til opphavelag planlagt område for utviding aust for kyrkjegarden. Ein viktig føresetnad for dette vedtaket var at det vert lagt inn ei betre veg opp til øvre gravplass og parkeringsplass der oppe, både med omsyn til universell utforming og praktisk gjennomføring av gravferder.

Det var 50 gravleggingar i Meland i 2017. 10 av desse var urnenedsetjingar. Det vart friggitt like mange graver som det vart tekne nye i bruk (38). Det planlagde arbeidet på felt A for å ta det i bruk til nye gravleggingar er enno ikkje ferdig, så framleis er det litt dårleg med ledige graver(223), men det er ikkje kritisk.

Ny kyrkje

Arbeidet for å få vedtatt og få fart på byggeprosjektet av ny kyrkje på Frekhaug har teke mykje tid både for kyrkjeverja, kyrkjeutvalet og sokneråd i 2017. Om våren arbeidde eit utval samansett av politikarar og administrasjon frå kommunen med representantar frå kyrkjeutvalet, soknerådet og kyrkjeverja med å svare på spørsmål frå rådmannen omkring driftsform, modellar for kultur/kyrkje og finansiering. Kyrkjeutvalet fekk utarbeidd eit moglegeheitsstudie for kyrkjebygget, utført i stor grad som gåve/dugnad av Pål Jøran Carlsens arkitektfirma. Kyrkjeutvalet vurderte det som nødvendig for å konkretisere prosjektet meir for dei involverte i politiske organ. Det var også teke ein studietur til Kimen kulturhus i Stjørdal for å sjå på eit kulturhus med kyrkje. Utvalet kom med si innstilling, der ein mellom anna såg at det vart nødvendig å seksjonere bygget. Rådmannen kom med ei innstilling til eit kultur/kyrkjebygg, der biblioteket var teke ut.

Det vart gjort eit intensjonsvedtak i juni 2017, men kommunestyret vedtok å ha bibliotek med i bygget. Det skulle også setjast ned eit nytt utval med 3 medlemmer utnemnd av soknerådet, og 3 frå kommuneadministrasjonen. Mandatet vert å vidareutvikle behovsanalysen, lage rom- og funksjonsplan, gjennomføre konsekvensanalyse av samlokaliseringa mellom kyrkje/kultur og utarbeide driftsmodell og finansieringsplan innan budsjetthandsaminga for 2018. Utvalet hadde to møter hausten 2017 med rådmannen i spissen. Kyrkja jobba vidare med behovsanalyse, rom og funksjonsplan, men rådmannen sitt utval jobba i praksis berre med driftsmodell og finansieringsplan, sidan det ikkje vart tid til noko meir. Eit konsulentselskap rekna ut at prisen på eit slikt kyrkje/kulturbygg vart veldig høg. Dermed tilrådde rådmannen at kommunen løyvde 70 millionar til ei nøktern arbeidskyrkje.

Formannskapet vedtok å ta inn att kulturdelen og setje av meir pengar til bygginga. I kommunestyrevedtaket om budsjett og økonomiplan i desember vart kulturdelen likevel teken ut av byggeprosjektet og lagt til den nye ungdomsskulen, etter ein del diskusjonar og omdisponeringar i investeringsbudsjettet, og ein vedtok til slutt dette samrøystes. Kommunen

har altså sett av 70 millionar til kyrkjebygg. Det lukkast ikkje kommuneadministrasjonen å få avtale om kjøp av den avsette tomta. Kommunen ønskte ikkje å gå til ekspropriasjonsak.

Gudstenestet og oppmøtte

Tabell 3 Utvikling i gudsteneste- og nattverddeltaking dei tre siste åra

År	Tal på gudst. Sundag og Heilag dagar	Frammøtte gudst. Sundag og Heilagdg..	Snitt fram-møtte Søn-h.dag	Totalt tal gudst. i Meland	Samla tal fram-møtte Alle gudst.	Gj.sn. Oppmøtte Alle gudst.	Tal til Nattv. totalt	Tal på g.t. m Nv.	Snitt Nv delt. Pr Nv.Gt
2015	63	8138	129	82	11085	135	2618	39	67
2016	62	7275	117	79	9922	126	2395	39	61
2017	59	7070	120	78	9881	127	2982	47	63

Samla tal på deltakarar har ein svak nedgang dei siste par åra. Vi må attende til 2013 for å finne eit lågare tal. Faktorar som spelar inn for små variasjonar, kan vere talet på konfirmantar, sidan dei har 8 obligatoriske gudstenester, og foreldra blir spesielt bedne til 4 av dei. I 2015 vart 86 konfirmerte, men talet for 2016 var 64, og 59 i 2017. Dåpstalet for 2017 er og litt lågare (83) enn t.d. i 2015 (92), noko som og verkar inn.

- Utmeldingar 48
- Innmeldingar 4

Tabell 4 Kyrkjelege handlingar

Årstal	Døypte	Konfirmerte	Ektevidde	Gravlagde/bisette
2015	92	86	23	48
2016	84	64	11	30
2017	83	59	10	44

Trusopplæringstiltak

Nokre av tiltaka vi plar gjennomføre vart avlyst, grunna bemanninga. Tårnagenthelga, søndagspuls og 3-årssamlinga mellom anna. I tillegg var det planlagt leiarkurs hausten 2017, men det vart avlyst grunna liten interesse i målgruppa (dei som vart konfirmert same haust). Vår 2017 kom ein fram til at det ikkje blir laga eit lågterskeltilbod for ungdom i samarbeid med Meland kommune. Kyrkjelyden har ikkje starta dette opp att i 2017.

Under følgjer ein oppsummering av dei tiltaka som har vore i fokus i 2017.

Søndagsskulen/Løvegjengen

Løvegjengen har samlingar for to aldersgrupper dei fleste søndagar. Dei under skulealder er i «Løvehola» i kyrkja, og skuleborna er enten i kyrkjestova eller ute i gapahuken. Det er veldig fint å ha eit alternativ ute, og dei større borna likar dette spesielt godt. I dag er det seks leiarar men vi treng fleire leiarar i løvegjengen!

Babysong

Det har vore veldig godt oppmøte på babysong dette året. Hausten har det vore eit snitt på over 20 babyar, pluss vaksne. Vi er så heldige å ha Helga Stokke med som frivillig på dette tiltaket. I haust har vi òg hatt ei dame frå Irak (Bahria Shaukat) i språkpraksis på Møteplassen, både på babysong på tysdagar og Open Møteplass på torsdagar. Ho hjelper til med det praktiske.

BarneFESTkonsert

Vi hadde besøk av «team BÅT» på barneFESTkonserten. Dei hadde nokre timars øving med barnekora som òg var med, («Tusenfryd» frå Leknes og «Levande lys» frå Frekhaug) før konserten starta. Dette var ein veldig kjekk konsert, med bra oppmøte!

Fireårsbok

Det var 32 born som tok i mot 4-årsboka.

Ranselbøn

20. august inviterte vi dei som akkurat hadde byrja i 1.klasse til kyrkja, for å be for skulekvardagen deira. Dei blei òg invitert med på løvegjengen, som hadde bålssamling i gapahuken denne dagen. Det var sju 1.klassingar som kom.

Lys Vaken

Vi leigde inn Aslaug Miljeteig til å ha hovudansvar for Lys vaken. Dette gjekk veldig bra! Det var heile 21 11-åringar som var med, og det vart eit veldig fint arrangement.

Konfirmantarbeidet

I 2017 var det 59 konfirmantar i Meland. Det er gjort nokre endringar i konfirmantopplegget. I staden for undervisningsleiren som har vore før, er det no ein kortare leir, med mindre undervisning og meir sosialt. Undervisninga skjer i grupper etter skuletid. Vi har grupper på Frekhaug og Rosslund, og ei filmgruppe på kveldstid. På grunn av meirarbeid med omlegging av opplegget var det ikkje heimegrupper for 2017-kullet, men dette kom inn att for 2018-kullet.

Yngres på Frekhaug

Er eit samarbeid mellom Meland kyrkjelyd og Frekhaug indremisjon. Samlingane har vore annankvar fredag klokka 18.30 til 21.00, utanom i feriane. Yngres er for barn frå 5.klasse til og med 7.klasse. Oppmøte har vore stabilt godt. Kari Erikstein har vore hovudleiar og det har vore 12 andre leiarar. Diakonen har vore kontaktperson på kyrkjekontoret.

Anna kyrkjelydsarbeid

Open Møteplass

Open møteplass er eit tilbud tre formiddagar i veka på Møteplassen på Frekhaug senter. Oppslutnaden har vore stabil. Marit Sæle står i spissen for ei ansvargruppe på tre personar. Om lag 25 medarbeidarar har vore aktive.

Bønefrukost

Annakvar måndag på vårhalvåret har det vore bønefrukost på Møteplassen. Deltakarane tek med seg niste, og bønerommet vert brukt til ei liturgisk bøn og ein del med forbøn for ulike emne.

Bøn før jobb

Tysdagar på vårhalvåret har det vore bøn før jobb, som er ein halvtime med forbøn for kyrkjelydsarbeidet og anna - også på bønerommet.

Jentekveldar

På hausten var det Jentekveldar på Møteplassen. Ein sosial treffstad for jenter i alle aldre. Tilbodet vart lagt ned pga dårleg oppslutning.

Misjonsutvalet

Fokuset har vore på formidling av behov i prosjekta som mottek støtte, informasjon på gudstenester på ulike måter og elles to «Misjonsfokus»/møter på Møteplassen i året.

Husgruppearbeid

Husgruppearbeidet har som i 2016 vore eit satsingsområde, m.a ved at prosjektstillinga som husgruppekoordinator i 20% har vorte vidareført. Fokuset for stillinga er å danne, drive og å følgje opp livsnære grupper. Ved slutten av 2017 var 12 husgrupper tilknytta kyrkjelyden (2 av desse er misjonsgrupper: Normisjon og NMS).

I løpet av våren fekk tre av gruppene besøk av husgruppekoordinator og representant fra stab/sokneråd. Leiarar frå dei ulike gruppene har møttes til leiarsamlingar der det tas opp aktuelle tema og leiarane blir kjent på tvers av gruppene. Informasjon om husgruppene har blitt spreidd gjennom brosjyrer og informasjon mellom anna på gudstenester. Husgruppekoordinator har også jobba for å skaffe inntekter til husgruppearbeidet gjennom K-stud.

Nytt i 2017 var to fellesskapsmiddagar der alle som går i ei husgruppe vart invitert med familiar, i tillegg til andre som er interesserte i husgrupper. Første samlinga var ein søndag i mai med korgafest rett etter gudstenesta. Det vart eit festmåltid, etterfulgt av musikkinnslag og inspirasjonsforedrag om husgrupper. Ein onsdag i september kom folk rett frå jobb, skule og

barnehage til suppe, musikk og historiar frå husgruppene. Om lag 100 personar var på dei to samlingane totalt, og det er eit ønske om å gjere dette fast ein gong i semesteret.

Seniors

Seniors er eit samarbeidstiltak mellom Norkirken, Frekhaug indremisjon, Nordhordland folkehøgskule og Meland kyrkjelyd. Tiltaket har i 2017 hatt om lag 60-90 frammøtte. Samlingane er på Nordhordland folkehøgskule. Dei møtast på dagtid til middag, foredrag og sosialt samkvem.

Internasjonal kafé og norskundervisning

Det har vore norskundervisning på Møteplassen kvar måndag frå kl.18.00-19.30. Etter sommarferien vart det byta dag til onsdagar.

Det var seks lærarar; Liv Nedregård, Atle Austegard, Brit Torun Hitland, Kristin Austegard, Aud Solberg Flatøy og Berit Nøst Dale. Det var og med frivillige som skyssa elevane og hjalp til i undervisninga. Det varierte mellom 10- 20 elever på ein kveld. Elevane kjem ma. frå Europa, Asis, Russland, Syria og Eritrea.

Etter undervisninga er det «internasjonal kafé», kl. 19.30-21.00, av og til med enkelt program og alltid enkel servering. Både kursdeltakarar og fleire deltek. Det har og vore aukande oppslutnad frå norskspråklege, men det er behov for fleire unge til å møte og bli kjend med unge flyktingar.

Musikklivet i kyrkjelyden

Forsongarar, solistar, kor, korps og band har teke del ved gudstenester og konsertar i 2017. Inn i dette vil vi særskilt nemna Octavia og Felix Vocalis. Året har vore prega av jamt og godt arbeid med musikken i kyrkjelyden.

Om Felix Vocalis.

Dette året vart samarbeidet mellom Meland Kyrkjelyd og Nordhordland Folkehøgskule avslutta når det gjeld Felix Vocalis, eit samarbeid som starta i 2011. Årsak til dette var endringar i kortkursreglementet som tilsa at korarbeidet ikkje lenger kunne drivast som kortkurs. Felix Vocalis vert drive vidare av Meland kyrkjelyd og har flytta sine øvingar til «Møteplassen». Dette fungerer godt!

Informasjonsarbeid

Våren 2017 fekk kyrkjebladet Kontakt ny drakt og nytt innhald då det vart slått saman med kyrkjeblada til Alversund/Lygra/Seim, og Osterfjorden og Mo. Halve bladet er fellesstoff, og resten er lokalt stoff for Meland kyrkjelyd. Kontakt kom ut fire gonger i 2017, og den lokale redaksjonen har bestått av Maria Sæle, Steinar Dale Wessmann, Anne Sofie Uthaug og Stine Karin Sæle. Tilbakemeldingane på det nye bladet har vore gode, både med tanke på utsjånad og innhald. Heimesida vert i hovudsak drifta av staben. Kyrkjeverja sendte også ut eit nyheitsbrev kvar veke kalla "Vekenytt" på e-post til dei som ønskjer det, men avslutta det tidlig i 2018 då det no vert prioritert å halde nettsider og facebook oppdatert til ein kvar tid.

Takk!

Særskild takk til absolutt alle som arbeider som frivillige i kyrkjelyden vår. Store og små tenester. Om det er bønneteneste, gudstenestelag eller kyrkjesaka er alt saman viktig. Vonar 2018 vert eit gjennombrøtsår. Alt er mogleg for den som trur!



Følg med på kva som skjer:

www.melandkyrkja.no

www.facebook.com/melandkyrkja